



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Adresseliste

16 AUG 2011

Vår dato:

Vår ref.: NVE 200806736-12 ki/krn

Arkiv: 312 /037.5B

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Kristine Naas

22 95 97 66

Asbjørn Vanvik – Søknad om løyve til Kaldåna kraftverk i Suldal kommune, Rogaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Asbjørn Vanvik, datert 01.07.2011, om løyve til Kaldåna kraftverk i Suldal kommune.

Kaldåna kraftverk vil nytte eit brutto fall på 325 m i Kaldåna med inntak på kote 580 og avlaup frå kraftstasjon på kote 255. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på 2,5 MW, og den årlege produksjonen er berekna til om lag 7,4 GWh. Inntaket skal byggjast veglaust, og dei øvste 550 m av vassvegen vert utført som kjernebora tunnel. Nedste del av vassvegen på 440 m vert utført med duktile røyr nedgrave i grøft. Det er planlagt ei slukeevne på ca. 1,7 gonger middelvassføring og slepp av minstevassføring lik alminnelig lågvassføring.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Kaldåna med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Asbjørn Vanvik på tlf. 91 64 95 21 eller e-post: asbjvan@online.no.

NVE ber Suldal kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Kommunehuset og to eksemplar på Garaneset fram til **28.10.2011**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **28.10.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE Region Sør, pb. 2124, 3103 Tønsberg.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Kristine Naas
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
Kunngjeringstekst
Informasjonsark
Adresseliste

- KUNNGJERING -

Asbjørn Vanvik – Søknad om løyve til Kaldåna kraftverk i Kaldåna i Suldal kommune

NVE har motteke ein søknad frå Asbjørn Vanvik om løyve til Kaldåna kraftverk i Suldal kommune.

Kaldåna kraftverk vil nytte eit brutto fall på 325 m i Kaldåna med inntak på kote 580 og avlaup frå kraftstasjon på kote 255. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på 2,5 MW, og den årlege produksjonen er berekna til om lag 7,4 GWh. Inntaket skal byggjast veglaust, og dei øvste 550 m av vassvegen vert utført som kjernebora tunell. Nedste del av vassvegen på 440 m vert utført med duktile røyr nedgrave i grøft. Det er planlagt ei slukeevne på ca. 1,7 gonger middelvassføring og slepp av minstevassføring lik alminnelig lågvassføring.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på Kommunehuset og Garaneset, og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Asbjørn Vanvik på tlf.: 91 64 95 21 eller e-post: asbjvan@online.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **28.10.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE Region Sør, pb. 2124, 3103 Tønsberg.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspenst overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspentanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventet av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunngevn synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og mogeleg konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgivinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.

Adresseliste for: Bygging av Kaldåna kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Stavanger Aftenblad, Haugesunds Avis og Suldalsposten.

Tal på søknadar	Namn/adresse
5	Suldal kommune, Eidsvegen 7, 4230 SAND
	Fylkesmannen i Rogaland, pb. 59, 4001 STAVANGER
	Rogaland fylkeskommune, pb. 130, 4001 STAVANGER
	Naturvernforbundet i Rogaland, pb. 441 sentrum, 4002 STAVANGER
	NJFF Rogaland, pb. 313, 4291 KOPERVIK
	Lyse Elnett, pb. 8124, 4069 STAVANGER
	Suldal Elverk, pb. 134, 4239 SAND
	Ryfylke Friluftsråd, Gamle Jåttåvågen 67, 4020 STAVANGER
	Stavanger Turistforening, pb. 239, 4001 STAVANGER
	Direktoratet for mineralforvaltning, pb. 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
	Asbjørn Vanvik, Østebø, 4208 SAUDASJØEN
1	KM/kca
1	KD/kms
1	ER/kest